

Stor suksess på Steinkjer

Av Erlend Skjetne

Steinkjer cup har vorte ei av dei største tevlingane i landet. I år vart det deltakarrekord, med 52 par i partevlinga og 22 lag i lagtevlina.

Det er sjette året at Steinkjer BK prøver seg med ei stortevling fyrste helga i september, og no har det verkeleg vorte sus i serken. Arnstein Nymoen, som er arrangementsansvarleg og ein nestor for tevlinga, er storfornøgd med den positive utviklinga.



Arnstein Nymoen


– Klubben sit ikkje att med noko stort overskot, seier han. – Styret har erklært at dette er eit forsøk på å få til aktivitet, utan å få raude tal i rekneskapen. Vi har vore så heldige å få med velvillige sponsorar, noko som gjev oss høve til å ha store premiar. I år prøvde vi oss på ein ny vri med handikappremiering, noko som såg ut til å bli godt motteke. Vi har òg satsa på det sosiale, med bridgebuffé på spelehotellet laurdag kveld. Kring 70 personar deltok der, og det var eit populært tiltak.

Ikkje minst trekkjer Nymoen fram tevlingsleiar Tormod Daling som ein viktig bidragsytar til suksessen på Quality Hotel Grand i Steinkjer. – Etter mi meining ein av dei fremste tevlingsleiarane i landet, seier Nymoen.

Partevlinga laurdag vart vunen av Kurt-Ove Thommasen–Svein Gunnar Karlberg frå Mo BK. Det er eit par som hevdar seg i toppen i dei fleste partevlingar dei tek del i. På andreplass fylgde eit ungt par som ein gong har vunne NM junior i saman, Kristoffer Hegge–Kåre Osvald Bogø frå høvesvis Snåsa BK og TopBridge BC. Litt lengre bak kom Børre Lund–Stein Bjerkset frå Heimdal BK og Berkåk BK.

Dei tri handikappremiane gjekk til høvesvis Vegar Ukkelberg–Kenneth Bratberg frå arrangørklubben, Torunn Vikan Kristiansen–Kristin Osen frå Heimdal BK og Helge Bremnes–Inge Dyrkorn frå Molde BK.

Som vanleg er, hevdar vinnarparet at det ikkje var særleg mange spel å skrive om i tevlinga dei vann. Men vi fekk då lirka ut av dei nokre ord om ein oppskriftsmessig slem.



Vest	Nord	Aust	Sør
Kvaran	Karlberg	Kvaran	Thomassen
		pass	1 sp
2 kl	2 gr ¹⁾	3 kl	3 ru ²⁾
pass	4 ru ³⁾	pass	4 gr
pass	5 sp ⁴⁾	pass	6 sp
pass	pass	pass	


- 1) Sparstøtte, minst invitt
- 2) Naturleg tillegg
- 3) Kontrollmelding
- 4) To ess og trumfdama

Sidan ruterer gjev avkast av hjarterta-parane i bordet, er kontrakten fullstendig nedlegg. Likevel gav det å melde han ein tridelt nesttopp, berre slått av ein gong 6 spar dobla i hus.

Nøkkelmeldinga var 4 ruter, som i praksis nesten må syne esset i denne situasjonen. Med vissa om ruter ess

og minst firekorts spar hjå makker, hadde ikkje Kurt-Ove Thomassen så mykje å gruble på. Meir aktive meldingar frå motparten kunne nok ha gjort det litt verre, men likevel honnør til nordlendingane for god og praktisk bridge.

Vi må òg ta med ein svært stilig variant frå partevlinga, signert Trondheim og Sunndalsørås store son Røgeir Paulsen. Spelet vart fortalt oss av Børre Lund, og har i mellomtida figurert på Nils Kåre Kvangravens heimeside.



Vest	Nord	Aust	Sør
	Finanger		Paulsen
1 hj	3 kl	3 hj	3 gr
5 kl ¹⁾	dbl	pass	pass
5 hj	pass	pass	5 gr!
dbl	pass	pass	pass

1) Exclusion Blackwood

5 grand dobla – sjeldan ein god kontrakt! Men her var det faktisk det: Paulsen trudde at motparten hadde 5 hjarter i korta – vest hadde trass alt

sleminteresse – og trudde samstundes at hans eiga side hadde ni stikk i grand.

Båe analysane stemte på ein prikk, og mot 5 grand kunne ikkje aust–vest få meir enn 500 på blokka. Det gav solid og velfortent pluss til Paulsen. Legg merke til at å stampe i 6 kløver ikkje fungerer, då det er dei same ni stikka der, og prisen altså blir 800 i staden.

Vi forflytter oss til lagtevingla. Frå start vart ho fullstendig dominert av det nokså lokale lag Kvaran. Parademarsjen byrja allereie i den fyrste kampen. Eit spel som dette er ikkje så verst å ha på blokka i lagkamp:

♠ kn 7 6 4 3
♥ kn 7
♦ kn 8 6
♣ D 7 5

♠ 9 5
♥ E K 9 5 2
♦ K 7 2
♣ 8 4 2

♠ D 2
♥ 6 3
♦ 10 9 5 3
♣ K kn 10 9 6

♠ E K 10 8
♥ D 10 8 4
♦ E D 4
♣ E 3

Vest Nord Aust Sør
Enge Gundersen

pass pass 2 gr
pass 3 gr pass pass
pass

Det pyntelegaste er vel å stogge i delkontrakt, men dei nordtrønderske gutane ville det annleis: Unge Anders Holmen Gundersen oppvurderte 19-poengaren

sin eit hakk, og Geir Enge gjorde bruk av det Gundersen påstår er ein kjepphest for Enge, nemleg å satse på grandkontrakt med slike spreidde låghonnørar.

Her vart det heilt gull, då 4 spar er kistebeit med tri gonger hjarter ut. Gundersen fekk liten hjarter ut til sjuaren i bordet. Med vissa om femkorts hjarter i vest, valde han å straks spela spar til tiaren, som ikkje såg direkte feil ut. Men det hadde ikkje noko å seia slik det sat, kontrakten var uansett urokkeleg, og enda med eit overstikk. På det andre bordet henta brørne Bjørn og Rune Kvaran to beit i 4 spar, så dette vart eit skikkeleg gladspel.

Med to kampar att leia Kvaran-laget såpass stort at tevingla nesten såg avgjort ut. Men i den nest siste kampen skulle dei møte lag Viking natural, med mellom andre underteikna. Der vart det litt action, til dømes i fylgjande spel:

♠ E D 10 5 4
♥ kn 8 2
♦ E D 3
♣ K 10

♠ kn 8
♥ 5 4 3
♦ kn 8 7
♣ D kn 9 5 2

♠ K 7 6 3
♥ 7
♦ K 9 6 5 4
♣ 8 4 3

♠ 9 2
♥ E K D 10 9 6
♦ 10 2
♣ E 7 6

Kvaran–Kvaran spelar presisjon, og kom seg til den gode slemmen 6 hjarter. Men sjølv sagt greidde heller ikkje

dei å få han i nord, då sør var gjevar og opna 1 hjarter.

Øg i naturleg system synst eg slemmen bør vera grei å melde, til dømes slik eg og makker Jørgen Molberg gjorde det, etter innleiinga 1 hjarter–1 spar; 2 hjarter: I naturleg system manglar ein gode meldingar for å krevja med hjarterstøtte her, så hopp til 4 kløver bør vera generell kontrollmelding, ikkje naudsynlegvis kortfarge. Over 4 kløver hadde eg ingen gode kontrollmeldingar tilgjengelege, men tri trumfhonnørar og eit ess er altfor gode kort til å gå ned på. Eg la inn ein liten lurevariant med 4 ruter (nokre har definert at dette er «last train» og ikkje naudsynlegvis cue i denne situasjonen), og heldt fram med Blackwood over makkers 4 hjarter.



Foto: Arild Jakobsen

Erlend Skjetne

Mot 6 hjarter fekk eg trumf ut, og kunne notere 1430 svært komfortabelt. Kontrakten står i verste fall på éin av to finessar, men etter at spar til dama

rauk, var det ein svært god sjanse for at sparen ville gje avkast av ein ruter, slik at finessen der ikkje vart påkravd. Då spar knekt kom på allereie i andre sparrunde, var alt over.

Svart farge ut gjer ingen skilnad, men på det andre bordet trylla Johan Petter Tøndel fram ein liten ruter. Det gav spelefører eit svært ekkelt dilemma. Aktuelt fungerer det å sleppe ruterer, for då må Glenn Frode Grøtheim på med kongen, og ess, dame i ruter gjev avkast av spartaparen. Men tapar fyrste ruter til knekten, må ein vel nesten prøve ein ny ruterkutt etterpå, og risikerer å gå beit sjølv om spar konge faktisk sit i kapp.

Kvaran spela like godt på at éin av dei to spisse finessane skulle lykkast, då han bad om ruter dame i fyrste stikk. Dimed vart det beit. Lag Viking natural vann kampen så stort at det framleis var spenning før siste kamp i tevlinga.

Diverre for underteikna tapte vi den siste kampen, medan lag Kvaran vann sin. Dimed vart det likevel ein populær heimesiger, til Bjørn Kvaran–Rune Kvaran og Anders Holmen Gundersen–Geir Enge. På andre plass, altså: Glenn Frode Grøtheim–Johan Petter Tøndel og Jørgen Molberg–Erlend Skjetne. Bronsen gjekk til lag Snåsavatn, med Børre Lund–Stein Bjerkset og Aksel Hornslien–Olav Arve Høyem.

Då er det berre å gle seg til neste års stortevling på Steinkjer, som går av stabelen helga 31. august–1. september.